

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Geir Skoglund
Nordangervågen 18
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8082 - 20/21527

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
13.05.2020

Oppseiing av serviceavtale - gbnr. 416/63

Tiltak: Oppseiing serviceavtale
Byggjestad: Gbnr: 416/63
Tiltakshavar: Geir Skoglund

Alver kommune har den 08.04.2020 motteke melding frå Biovac Environmental Technology AS om at du har sagt opp serviceavtalen for det installerte minireinseanlegget på eigedommen din. Minireinseanlegget er av typen Klargester. Vi har fått opplyst av Biovac AS at serviceavtalen innebar service på anlegget 2 gonger i året. Etter avtalen har det vore utført service på minireinseanlegget ditt 2 gonger i 2019, kor den siste fann stad 05.11.2019. Neste service skulle vore gjennomført i mai 2020. Service på minireinseanlegget skal i følgje avtalen utførast av sertifiserte serviceteknikarar.

Minireinseanlegg skal driftast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale, jf. forurensningsforskrifta § 12-13. Utslepp frå prefabrikerte minireinseanlegg er berre gyldig når det ligg føre godkjend serviceavtale. Når serviceavtalen er oppsagt, vurderer Alver kommune at utsleppet ditt er i strid med forurensningslova og med lokal forskrift for utslepp frå mindre avløpsanlegg vedtatt 30.09.2010. Forskrifta ligg vedlagt og gjeld fortsatt inntil ny blir vedteken av Alver kommunestyre.

I følgje saksbehandlar hos Biovac AS har du sagt opp serviceavtalen med grunngjeving at du sjølv skal utføre servicen frå no av. Serviceavtalen vart sagt opp av deg den 06.04.2020.

Vi ber deg snarast om å kontakte leverandør for å iverksetje avtalen igjen. Dersom vi ikkje mottar melding om at avtalen er satt i drift igjen innan **04.07.2020** vil kommunen krevje pålegg om retting i forhold til utsleppsløyvet, jf. forurensningslova § 7 andre ledd første punktum:

«Når det er fare for forurensing i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensingen sørge for tiltak for å hindre at den inntre.»

Før Alver kommune handsamar saka vidare, ber vi deg gjere greie for forholda på staden. Det vi treng informasjon om er når er det søkt om utsløppsløyve til minireinseanlegg, og når er løyve gitt? Vi kan ikkje finne denne typen informasjon i våre registre. Etablering av minireinseanlegg er eit søknadspliktig tiltak, jf. plan- og bygningslova § 20-1 bokstav j, jf. forurensningsforskrifta § 12-4.

Uttale må vere sendt kommunen innan 3 veker etter mottaking av brevet.

Pålegg som ikkje vert etterkome, vil bli følgd opp med tvangsmulkt, jf. forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post eller post:

- post@alver.kommune.no
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.
- Kva som er søknadspliktige tiltak følgjer av plan- og bygningslova kapittel 20.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Forskrift Radøy kommune utsløppsløyve

Kopi til:

Biovac Environmental Technology AS Farexveien 19 2016 FROGNER

Mottakarar:

Geir Skoglund Nordangervågen 18 5939 SLETTA